



Referat SMU- møte Bore skule 16.11.2023

Tid: 19.00- 19.45

Til stades:

Elias Solheim, 6B	elevrepresentant
Samuel Olai Grude, 5B	elevrepresentant
Lill Vien	foreldrerepresentant- SU/ SMU- leiar
Olav Andreas Lura	foreldrerepresentant- FAU- leiar
Iselin Aarsland Abrahamsen	foreldrerepresentant
May- Liz Skjæveland	representant andre tilsette- vara
Hilde Malmin Kimo	lærarrepresentant
Anne Beth Torgersen Høines	lærarrepresentant
Martin Haukali (V)	kommunal representant (folkevald)
Jorun Beate Fylkesnes	kommunal representant (rektor)
Torhild Helen Melstokkå	støtte for elevrådsrepresentantar

Meldt fråfall:

Hayley Lea Vatne	elevrepresentant
Edel Njærheim	representant andre tilsette

Sak 4/23 Godkjenning innkalling og referat

Kommentarar til innkalling:

Rektor og fau- leiar har lett i gamle referat frå både fau og smu for å finne kven som skal vera fast foreldrerepresentant i tillegg til SU- leiar og FAU- leiar. Det skal vera Iseling Aarsland Abrahamsen.


Referat frå 15.06.23 låg ikkje ved. Det kjem ikkje fram i referat kven som har vore innkalt og til stades.

Referat godkjent med kommentarar over.

Innkalling godkjent med kommentarar over.

Sak 5/ 23 Trygt og godt skulemiljø

Sosial- pedagogisk team består av ein sosiallærer og to miljøterapeutar på Bore skule. Dei arbeider i tett samarbeid med lærarar og leiing i kapittel 9a- saker (opplæringsloven kap 9a om trygt og godt skulemiljø). Dei deltek i utarbeiding av aktivitetsplanar, observerer og undersøker. Kvar av dei er spesielt tilknytt to trinn kvar. Dei arbeider heile tida med skulemiljø, både førebyggjande og for å få slutt på krenkjande åtferd. Dette gjer dei blant anna gjennom rettleiing, Sosial persepsjonstrening (SPT). Alle 3 er ART- rettleiarar. Dei gjennomfører pedagogisk analyse i lag med trinna. Dei deltek vidare i ressursgruppa på skulen saman med spes-ped- team og leiing.



Med blikk for alle

Sak 6/ 23**Fysisk læringsmiljø**

- Like før sommaren hadde skulen tilsyn ift brannvern. Skulen som brukar fekk nokre avvik og nokre merknadar. Planar og rutinar er nå sendt inn, og alle avvik og merknadar er lukka.
- Maling av grupperom og klasserom held fram, men ikkje med like høgt tempo som tidlegare, då det blir arbeidd med andre kommunale bygg for tida. Ein har vore inne og vurdert vatn lekkasje i gamal administrasjon, for å utbetre dette, slik at ein kan male.